



HORNINDAL KOMMUNE

UTVIKLINGSETATEN

NVE
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.
13/338-4/ S11 / /JENE

Dykkar ref.
NVE 200900056-7

Dato:
05.08.2013

Uttale til søknad om konsesjon for bygging og drift av Brattejølet Kraft AS - Hornindal kommune

Vi viser til brev frå NVE, datert 22. mai 2013, vedgåande høyring av søknad om konsesjon for bygging og drift av Brattejølet kraftverk i Hornindal kommune.

Søknaden er presentert som referatsak for Utval for utvikling i møte 5.juni 2013 og Planutvalet i møte 13.juni 2013. Det kom ingen spørsmål eller merknad til den framlagde søknaden.

Administrative merknader:

- Både «Næringsplan for Hornindal kommune 2011 – 2014» og Strategiske utviklingsanalyse (K-sak 073/12) set fokus på å stimulere til tilleggsnæring innan landbruket, her også mulighetene for mikro- og minikraftverk i kommunen.
- Kommunen føreset at eventuelle restriksjonar knytt til bruk av tilgrensande areal ikkje får konsekvensar for planlegging og bygging av ny fylkesveg 60 forbi dette området. (Kan også omfatte ny brukryssing.)
- Vi gjer merksam på at Storelva enkelte år har stor isgang. Inntaksdammen og kraftverket må plasserast slik at det ikkje kan medføre skade eller fare ved isgangen.
- Damområdet er ein attraktiv badeplass for lokalbefolkning. Inntakskanalen må leggst slik at den ikkje kan vere til fare for tryggleiken for dei badande. Denne må sikrast på ein tilfredsstillande måte.
- Området har fleire verdfulle kulturminner, som kvernhus, steinbru, rester etter eit gammalt kraftverk m.m. Framtidig omlegging av fylkesveg 60 kan opne for mulig tilrettelegging for friluftsliv m.v. i området. Ei utbygging må ta omsyn til desse kulturminna, og elles gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet.
- Naturen og terrenget etter utbygginga, må så langt som råd tilbakeførast til det opprinnlege. Utbygginga må ta omsyn til det estetiske både ved inntaksdammen og kraftstasjonen som skal byggast.

- Kommunen minner elles om det som er nedfelt i «Differansiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget» :
 - Omsøkte utbygging ligg i sone 2; «Område med middels grad av menneskeleg påverknad.»
 - «Område med aktivt landbruk og spreidd busetnad. Arealet er i varierende grad påverka av inngrep. Verneverdiane er knytt til det overordna landskapsrommet, mange vakre kulturlandskap, område med aktivt friluftsliv, spesielle naturverdiar som overvintringsområde for vassfugl og mange typar kulturminne frå steinalderen fram til byrjinga av 1900-talet. Det skal særleg leggjast vekt på å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktige naturforekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/ mellom vassdraget og hovudveg.»
 - Småskala vasskraftutbygging med effekt opp til 1000 kW i sone 2 er vurdert i forvaltningskategori 3:
 - «Tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrunnlaget, og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast.»

Med helsing


Ståle Hatlelid
Einingsleiar utvikling


Jan Endre Nesdal
Næringssjef

Kopi til:

Brattejølet Kraftverk	v/ Lars Andreas Tomasgård	6763	HORNINDAL
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER